



300 000 frå Sparebankstiftinga vert overrekk på Dønhaug. På biletet står Anbjørn Høivik, Kristian Bringedal, Frøydis Sjø Fjellhaugen, Asmund Kåre Rørvik og Jorunn Nordtveit

Kvart år vert det avvikla 20-30 større arrangement i Kvinnherad og 15 av dei er festivalar. Men ofte må arrangørane henta dyrt utstyr frå Bergen eller Haugesund. No vert det truleg ikkje nødvendig lenger, etter det som skjedde på Dønhaug i dag. Då overrekte Sparebank 1-stiftinga 300 000 kroner til bruk for frivillige lag og organisasjonar. Summen skal i første omgang nyttast til toalettar og gjerde som vert lagra i Rosendal. Det var ei slik overrisling frå sparebankar og stiftingar over heile landet.

- Ideen om denne gåva er modna etterkvart, sa Anbjørn Høivik på vegne av Festidalen under den enkle seremonien på Dønhaug. Han streka under at arrangementsutstyret kan nyttast av alle ålmennyttige lag og arrangement i Kvinnherad.

- Dette er starten på noko som kan bli mykje større. Det er eit glimrande samarbeidstiltak der dei ulike arrangørane kan få fleirdobla nytte av sine egne investeringar, sa han.

Kommunen har ikkje moglegheit til å pøsa på med pengar til arrangørane, men den skal organisera innkjøp og eit system for utlån.

- Dette er eit nytt og viktig steg for ein kulturkommune som Kvinnherad, held Høivik fram og understreka at ein samarbeidsform der kapital frå det private næringslivet vert spleisa med tiltak i frivillig sektor og ulike ressursar i offentleg fovaltning har framtida for seg. Dei ulike aktørane når lengre fram enn dei ville gjort kvar for seg.

- Festidalen lovar å betala attende i form av store opplevingar og vi vil gjera vårt for å styrkje omdømet til Kvinnherad og Sunnhordland, sa Høivik

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen